

Saksbehandlar: Arvid Stenehjelm, Fylkesrådmannen
 Sak nr.: 18/2871-7

Fråværsstatistikk 4. kvartal 2018 samt årsstatistikk til handsaming i hovudsamarbeidsutvalet

Fylkesrådmannen rår hovudsamarbeidsutvalet til å gjere slikt vedtak:

Hovudsamarbeidsutvalet tek statistikken over sjukefråværet til orientering og ber einingane følgje opp dei sjukmelde og arbeide for å identifisere årsaker og finne mottiltak til fråvær som kan vere arbeidsmiljørelaterte.

Vedlegg:

Hovudtabell 4. kvartal 2018
 Hovudtabell 2018 (Heile året)

Andre relevante dokument i saka:

Statistikkgrunnlag og andre hjelpetabellar og rekneark.

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Fråværsstatistikken skal tene som grunnlag for å avdekkje mogelege problem i arbeidsmiljøet. Den kan også bidra til å identifisera arbeidstakarar som treng spesiell oppfølging frå eininga, eventuelt med bistand frå andre støttespelarar, som til dømes vår leverandør av bedriftshelsetenester Stamina Helse AS eller frå Frm-personal. Framlegging av sjukefråværestal og statistikk har heimel i arbeidsmiljølova [§ 5-1](#) og i folketrygdlova [§ 25-2](#).

For fjerde kvartal 2018 er dei samla registrerte fråværestala 0,2 prosentpoeng lågare samanlikna med fjerde kvartal i 2017. For eitt år sidan registrerte vi ved fjerde kvartal eit samla fråvær på 5,5 %. Til samanlikning ligg vi no på 5,2 % og vi er med det likevel over stabiliseringsmålet på gjennomsnittleg 5 % ved dette kvartalet.

Fem einingar/LAMU-områder rapporterte fråvær på gjennomsnittleg seks prosent og over dette «obs-målet» ved fjerde kvartal i år. Desse einingane er Tannhelsetenesta (6,2 %), Sogndal vg skule (8,0%), Fagskulen (8,6 %), Flora vg skule (8,1 %) og Eid vg skule (6,6 %). Som tidlegare vert desse einingane beden om å utarbeida ei særskild analyse og å tilbakemelde dette til rådmann – jf. sak 09/63-1. Hensikta er at eininga skal djupare analysere kommentere fråværet sitt og leite særskild etter mogleg samanheng med forhold i arbeidsmiljøet. Vidare å prøve finne kva tiltak eininga ser for seg kan setjast inn for å motverke slike fråvær.

1. Kommentar til samla registrering fjerde kvartal 2018

Statistikken frå Sogn og Fjordane fylkeskommune omfattar ansvarsområda opplæring, tannhelsetenesta og sentraladministrasjonen kvar for seg. Sentraladministrasjonen inkluderer tilsette

på fylkeshuset i Leikanger og sentraladministrasjonen sin del av næring- og kulturavdelinga, inkludert andre avdelingar sine satellittkontor, lokalisert til Storehagen 1B, Førde. Frå og med registreringane ved 1. kvartal 2017 blei den tidlegare gruppa «Andre» inkludert i sentraladministrasjonen. Desse nye som no er inkludert er OKOS, fylkesbiblioteket, fylkesarkivet medrekna kommunearkivordninga samt sekretariatet for kontrollutvalet.

4. kvartal 2018										
		Mogelege dagsverk netto	Eigenmeldte fråvær dagsverk	Sjukmeldte 1-3 dagar tal tilfelle	Fråvær 1-3 dagsverk	Fråvær 4-16 dagsverk	Fråvær 17-56 dagsverk	Fråvær >56 dagsverk	Totalt fråvær dagsverk	Fråværs prosent
Kvinner/menn	Sum	Org.								
Kvinner	Sentraladm.	6696,1	62,4	360,4	57,9	32,5	137,3	182,3	422,8	6,3
Menn	Sentraladm.	7970,8	43,2	247,1	40,2	35,6	33	181,5	290,3	3,6
Sum Totalt	Sentraladm.	14666,9	105,6	607,5	98,1	68,1	170,3	363,8	713,1	4,9
Kvinner	Opplæring	30569,4	235,8	1673,2	234	186,2	322,5	1166,3	1909	6,2
Menn	Opplæring	22506,1	117,9	708,4	100,9	121,8	106,1	497,5	826,2	3,7
Sum Totalt	Opplæring	53075,5	353,7	2381,6	334,9	308	428,6	1663,8	2735,2	5,2
Kvinner	Tannhelse	4977,8	57	279	43,2	55	42,7	195	336	6,7
Menn	Tannhelse	481,4	4	0	4	0	0	0	4	0,8
Sum Totalt	Tannhelse	5459,2	61	279	47,2	55	42,7	195	340	6,2
Sum totalt kvinner		42243,3	355,2	2312,6	309,7	378,5	547,5	1543,6	2667,8	6,3
Sum totalt menn		30958,3	165,1	955,5	140,5	154,8	287,6	679,8	1120,5	3,6
SUM		73201,6	520,3	3268,1	480,2	431,1	641,6	2222,6	3788,3	5,2

Tabell 1. Samla fråværsstatistikk frå 4. kvartal 2018

Tabell 1 over viser det samla sjukefråværet for heile Sogn og Fjordane fylkeskommune (alle einingane) i 3. kvartal 2018. Vi registrerte eit samla fråvær på 4,1 % ved dette kvartalet. Til samanlikning registrerte vi no 0,7 prosentpoeng lågare tal enn ved tredje kvartal i 2017 som då registrerte 4,8 %. Les kommentarar knytt til sektorane under.

2. Kommentar til tenesteområda

Tannhelsetenesta

Den offentlege tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane har 18 tannklinikkar og 3 ambuleringsklinikkar. Tenesta er organisert som ein institusjon med direktør for tannhelsetenesta som øvste leiar, deretter fylkestannlege, rådgjevar og førstekonsulentar i sentral stab. Tannklinikane rapporterer til den sentrale staben. Klinikksjefen er lokal leiar med ansvar for dagleg drift og med avgrensa personalansvar ved tannklinikane.

4. kvartal 2018										
		Mogelege dagsverk netto	Eigenmeldte fråvær dagsverk	Sjukmeldte 1-3 dagar tal tilfelle	Fråvær 1-3 dagsverk	Fråvær 4-16 dagsverk	Fråvær 17-56 dagsverk	Fråvær >56 dagsverk	Totalt fråvær dagsverk	Fråværs prosent
Br.	Org.									
Kvinner	Tannhelse	4977,8	57	279	43,2	55	42,7	195	336	6,7
Menn	Tannhelse	481,4	4	0	4	0	0	0	4	0,8
Sum Totalt	Tannhelse	5459,2	61	279	47,2	55	42,7	195	340	6,2

Tabell 2) Fjerde kvartal 2018 frå tannhelsetenesta

I fjerde kvartal i 2017 – for eitt år sidan - registrerte tannhelsetenesta eit samla snitt på 7,1 %. Tala viser no 6,2 %. Når vi ser på klinikknivå viser dette at tre klinikkar/kontor som har null fråvær i perioden. 6 klinikkar/kontor har fråvær på 6 % eller høgare. Samla registrerar tenesta over 6 % og det vert difor stilt krav til særskild eigenanalyse/eigenrapport som etter LAMU si handsaming vert sendt til Frm-personal. Tannhelsetenesta er kjenneteikna av mange små eininga og vil med det få store prosentvise utslag om ein tilsett er ute i langtidsfråvær. Og dei skriv at*fråværet gjeld i hovudsak planlagde operasjonar og svangerskapsrelatert fråvær. Leiinga i tannhelsetenesta følgjer opp korttidsfråværet og ev. årsaker til dette. LAMU drøftar langtidsfråværet for den einkilde, og det er sett i verk tiltak for å redusere årsaker for dette. Dei sjukmelde vert følgd opp etter gjeldande retningsliner.*

Sentraladministrasjonen ⁱ

ⁱ Tilsette som høyrer til ytre kultursektor har vore plassert under gruppa *Andre*. Ny organisering tok til å gjelde frå 1. januar 2017. Det vil bety at «Andre» vil inngå i sentraladministrasjonen.

Sentraladministrasjonen har hovudsete på Leikanger – fylkeshuset samt i Storehagen 1B i Førde der kulturdelen av næring- og kulturavdelinga har hushald. I tillegg husar ein i Førde fleire kontor plassar for medarbeidarar frå fleire avdelingar i sentraladministrasjonen. OKOS har også til no hatt kontorstad her. Dei er no flytte til Concordbygget og samlokalisert med fleire opplæringskontor der i Firdavegen 6, Førde.

Sentraladministrasjonen er rimeleg sektordelt. Felles er at kontormiljø og kontorarbeid kjenneteiknar arbeidsmiljøet, men ikkje berre det. Her er også tekniske tenester, reinhald samt deler av arbeidsoppgåvene til kultur (geologar) og arkivtenester som alle har andre arbeidsmiljø enn den typiske kontorarbeidsplassen. Det er variasjonar mellom sektorane/avdelingane både i storleik og sjukefråvæstal. Som elles må ein her vere merksame på at små einingar med få tilsette vil få høge fråvæstal rekna i prosent når ein eller få vert lenge borte frå arbeidet.

Samla sett registrerar sentraladministrasjonen moderate fråvæstal. Gjennomsnittet er 4,9 % der kvinner og menn står for høvesvis 6,3 % og menn 3,6 %. Men også innanfor denne eininga sprik det noko mellom avdelingane. I dette kvartalet er det driftstenesta, *bibliotekføremål* og *lønns og rekneskapsavdelinga* med høvesvis 13, 9 og 8 tilsette som «toppar» statistikken. Driftstenesta har 13,3 %, *Bibliotekføremål* har 13,4 % og løn og rekneskapsavdelinga har 9,0 %. OKOS registrerte 25,3 % fråvæ i perioden. Sekretariatet for kontrollutvalet (8,3 %). Samla gjennomsnittleg fråvæstal for sentraladministrasjonen ligg no eitt prosentpoeng over resultatmålet for verksemda samla.

4. kvartal 2018										
		Mogelege	Eigenmeldte	Sjukmeldte	Fråvær	Fråvær	Fråvær	Fråvær	Totalt	
		dagsverk	fråvær	1-3 dagar	1-3	4-16	17-56	>56	fråvær	Fråværs
Br.	Org.	netto	dagsverk	tal tilfelle	dagsverk	dagsverk	dagsverk	dagsverk	dagsverk	prosent
Kvinner	Sentraladm.	6696,1	62,4	360,4	57,9	32,5	137,3	182,3	422,8	6,3
Menn	Sentraladm.	7970,8	43,2	247,1	40,2	35,6	33	181,5	290,3	3,6
Sum Totalt	Sentraladm.	14666,9	105,6	607,5	98,1	68,1	170,3	363,8	713,1	4,9

Tabell 3) Fjerde kvartal 2018 frå sentraladministrasjonen

Tenesteområde vidaregåande opplæring


Som vanleg registrerar nokre einingar låge fråvæstal medan andre viser høgare tal. Gjennomgåande viser dei vidaregåande skulane moderate fråvæstal også i dette kvartalet. Der er likevel registrert fire einingar med fråvær over stabiliseringsmålet på 5 %. Gjennomsnittleg registrering for tenesteområdet er 5,2 % der kvinner er ute med 6,2 % av sin tilgjengelege arbeidsressurs og menn tilsvarende med 3,7 %.

Vi registrerar stabile, høvesvis moderate fråvæstal ved tenesteeiningane. Fire einingar registrerar fråvær over rapporteringsgrensaⁱⁱ på 6 % dette kvartalet. Desse er *Sogndal*, *Fagskulen*, *Flora og Eid* som registrerar høvesvis 8,0 %, 7,0 %, 8,1 % og 6,6 %. LAMU handsamar statistikken og vil rapportere særskild om forholda. Langtidsfråværa trekk i vesentleg grad opp snittet ved desse einingane.

4. kvartal 2018										
		Mogelege	Eigenmeldte	Sjukmeldte	Fråvær	Fråvær	Fråvær	Fråvær	Totalt	
		dagsverk	fråvær	1-3 dagar	1-3	4-16	17-56	>56	fråvær	Fråværs
Br.	Org.	netto	dagsverk	tal tilfelle	dagsverk	dagsverk	dagsverk	dagsverk	dagsverk	prosent
Kvinner	Opplæring	30569,4	235,8	1673,2	234	186,2	322,5	1166,3	1909	6,2
Menn	Opplæring	22506,1	117,9	708,4	100,9	121,8	106,1	497,5	826,2	3,7
Sum Totalt	Opplæring	53075,5	353,7	2381,6	334,9	308	428,6	1663,8	2735,2	5,2

Tabell 4) Statistikk frå opplæringssektoren fjerde kvartal 2018

ⁱⁱ Dei einingane med fråvær lik og større enn 6 % rapportere særskild til fylkesrådmann med analyse av fråværet.



Grafikk 1. Gjennomsnittlig fråvær begge kjønn ved tenesteområdet dei vidaregåande skulane (inkludert Fagskulen i Sogn og Fjordane og Sogn Jord- og hagebruksskule).


Tabellen under viser kvar eining sine registreringar fordelt mellom høvesvis kvinner, menn og gjennomsnittet for begge kjønn.

Arbeidstad	KJ	Bemanning	Mogelege dagsv. netto	Egenm. fråvær dagsv.	Sjukem. dagsv	S.fråvær 1-3 dagsv	Fråvær 4-16 dagsv	Fråvær 17-56 dagsv	Fråvær > 56 dagsv	Sum fråvær dagsv	Fråværs prosent
ARDAL VIDAREGÅANDE SKULE	K	25,0	1 235	13,9	38,0	13,9	15,0	23,0	0,0	51,9	4,2
	M	20,0	1 118	3,0	0,0	3,0	0,0	0,0	0,0	3,0	0,3
ARDAL VIDAREGÅANDE SKULE		45,0	2 353,7	16,9	38,0	16,9	15,0	23,0	0,0	54,9	2,3
SOGNDAL VIDAREGÅANDE SKULE	K	102,0	5 399	41,0	321,4	41,7	13,0	92,1	215,6	362,4	6,7
	M	66,0	3 781	12,7	360,8	10,7	4,0	20,5	338,3	373,5	9,9
SOGNDAL VIDAREGÅANDE SKULE		168,0	9 180,5	53,7	682,2	52,4	17,0	112,6	553,9	735,9	8,0
HØYANGER VIDAREGÅANDE SKULE	K	17,0	879,0	12,3	40,4	12,3	8,5	31,9	0,0	52,7	6,0
	M	17,0	912,1	1,6	26,0	1,6	4,0	22,0	0,0	27,6	3,0
HØYANGER VIDAREGÅANDE SKULE		34,0	1 791,1	13,9	66,4	13,9	12,5	53,9	0,0	80,3	4,5
MO OG ØYRANE VIDAREG SKULE	K	80,0	4 172	27,0	196,6	21,8	32,3	0,0	169,5	223,7	5,4
	M	95,0	5 090	16,7	109,9	12,7	44,9	15,5	53,5	126,6	2,5
MO OG ØYRANE VIDAREG SKULE		175,0	9 261,5	43,7	306,5	34,5	77,2	15,5	223,0	350,3	3,8
HAFSTAD VIDAREGÅANDE SKULE	K	56,0	3 059	27,3	98,9	33,3	41,0	0,0	51,9	126,2	4,1
	M	18,0	1 015	11,0	0,0	11,0	0,0	0,0	0,0	11,0	1,1
HAFSTAD VIDAREGÅANDE SKULE		74,0	4 073,9	38,3	98,9	44,3	41,0	0,0	51,9	137,2	3,4
FAGSKULEN I Sogn og Fjordane	K	7,0	396	3,0	31,0	3,0	0,0	0,0	31,0	34,0	8,6
	M	24,0	1 116,6	5,0	67,5	5,0	0,0	17,5	50,0	72,5	6,5
FAGSKULEN I Sogn og Fjordane		31,0	1 512,4	8,0	98,5	8,0	0,0	17,5	81,0	106,5	7,0
DALE VIDAREGÅANDE SKULE	K	25,0	1 230	13,6	61,7	9,6	5,3	0,0	60,4	75,2	6,1
	M	17,0	828	8,0	10,0	3,0	10,0	5,0	0,0	18,0	2,2
DALE VIDAREGÅANDE SKULE		42,0	2 057,1	21,6	71,7	12,6	15,3	5,0	60,4	93,2	4,5
FLORA VIDAREGÅANDE SKULE	K	61,0	3 563	28,6	404,6	28,6	24,3	48,5	331,8	433,2	12,2
	M	40,0	2 281	17,0	22,5	10,0	16,4	13,1	0,0	39,5	1,7
FLORA VIDAREGÅANDE SKULE		101,0	5 844,1	45,6	427,1	38,6	40,7	61,6	331,8	472,7	8,1
FIRDA VIDAREGÅANDE SKULE	K	48,0	2 555	12,7	96,9	14,4	9,5	34,8	50,9	109,6	4,3
	M	21,0	1 157	15,5	5,0	16,5	4,0	0,0	0,0	20,5	1,8
FIRDA VIDAREGÅANDE SKULE		69,0	3 711,1	28,2	101,9	30,9	13,5	34,8	50,9	130,1	3,5
STRYN VIDAREGÅANDE SKULE	K	35,0	1 849	5,6	114,9	5,6	9,0	25,0	80,9	120,6	6,5
	M	27,0	1 489	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
STRYN VIDAREGÅANDE SKULE		62,0	3 338,1	5,6	114,9	5,6	9,0	25,0	80,9	120,6	3,6
EID VIDAREGÅANDE SKULE	K	49,0	2 649	21,2	159,0	24,2	2,8	31,6	121,6	180,2	6,8
	M	26,0	1 534	13,0	84,2	13,0	16,0	12,5	55,7	97,2	6,3
EID VIDAREGÅANDE SKULE		75,0	4 182,7	34,2	243,2	37,2	18,8	44,1	177,3	277,4	6,6
MÅLØY VIDAREGÅANDE SKULE	K	47,0	2 504	18,1	102,8	14,1	25,5	28,6	52,7	120,9	4,8
	M	29,0	1 652	11,4	0,0	11,4	0,0	0,0	0,0	11,4	0,7
MÅLØY VIDAREGÅANDE SKULE		76,0	4 156,6	29,5	102,8	25,5	25,5	28,6	52,7	132,3	3,2
SOGN JORD- OG HAGEBRUKSSKULE	K	26,0	1 080	11,5	7,0	11,5	0,0	7,0	0,0	18,5	1,7
	M	12,0	534	3,0	22,5	3,0	22,5	0,0	0,0	25,5	4,8
SOGN JORD- OG HAGEBRUKSSKULE		38,0	1 613,7	14,5	29,5	14,5	22,5	7,0	0,0	44,0	2,7
Sum skulane 4. kv 2018	K	578,00	30569,50	235,80	1673,20	234,00	186,20	322,50	1166,30	1909,10	6,2
	M	412,00	22506,00	117,90	708,40	100,90	121,80	106,10	497,50	826,30	3,7
		990,00	53075,5	353,7	2381,6	334,9	308	428,6	1663,8	2735,4	5,2




Tabell 5) Fjerde kvartal 2018 frå tenesteområdet dei vidaregåande skulane

3. Utvikling

Dei grafiske framstillingane under viser det registrerte fråværet frå første kvartal 2014 til og med 4. kvartal i 2018. Fråværet tenderar til å stige. Vi ser likevel at dei kjende årstids-variasjonane dreg årsstatistikken ned att på vårt høvesvis stabile tal.



Grafikk 2) Fráværutvikling - alle einingane frå 1. kvartal 2014 til og med 4. kvartal 2018



Grafikk 3) Fráværutvikling – sektorane frå 1. kvartal 2014 til og med 4. kvartal 2018

Fylkeskommunen sitt overordna mål er å stabilisere sjukefráværet på 5 %. Men dette betyr ikkje at einingane skal ha same målet. Einingane kan ut i frå egne føresetnader gjere vedtak om eit endå meir ambisiøst mål. Alle LAMU/einingar er ferdig med å operasjonisere mål og tiltak under kvart av dei tre delmåla i IA-avtalen. Ein styrke er at verksemda sine hmt-mål i samband med systematiske hmt-arbeide (internkontroll) no er samordna med IA-måla. Ein har med dette oppnådd å integrere IA-delmål *ein* i eininga sitt systematiske helse-, miljø- og tryggleiksarbeid.


Tiltak i arbeidet med å redusere sjukefráværet er tett og god oppfølging av medarbeidarar generelt og spesielt ved helseproblem og under frávær. Eit godt arbeidsmiljø i vid tyding er avgjerande for å hindre arbeidsmiljørelatert frávær. Tilrettelegginga skal strekke seg langt i vår organisasjon.

4. Årsstatistikk 2018

Samla tal frå heile registreringsåret 2018 syner at vi ligg 0,5 prosentpoeng over stabiliseringsmålet vårt på 5%. Dette talet vert utgangspunktet for vår nye satsing i dei kommande fire åra.

Årstabell 2018										
Br.	Org.	Mogelege dagsverk netto	Eigenmeldte frávær dagsverk	Sjukmeldte 1-3 dagar tal tilfelle	Frávær 1-3 dagsverk	Frávær 4-16 dagsverk	Frávær 17-56 dagsverk	Frávær >56 dagsverk	Totalt frávær dagsverk	Fráværs prosent
Kvinner	Sentraladm.	24647,1	249,5	1095,9	215	138,6	252,1	707,4	1345,4	5,5
Menn	Sentraladm.	30364,4	224,8	1071,3	184,8	154,7	292,6	664	1296	4,3
Sum Totalt	Sentraladm.	55011,5	474,3	2167,2	399,8	293,3	544,7	1371,4	2641,4	4,8
Kvinner	Opplæring	108887,4	873,4	6458,6	788,2	683,2	1046,4	4813,2	7332	6,7
Menn	Opplæring	81569,1	449,9	2660,3	398,1	387	345	1980	3110,2	3,8
Sum Totalt	Opplæring	190456,5	1323,3	9118,9	1186,3	1070,2	1391,4	6793,2	10442,2	5,5
Kvinner	Tannhelse	18894,5	247,7	1332,5	208,6	223,1	279,9	868,6	1580,2	8,4
Menn	Tannhelse	2023	24	61	21	8	56	0	85	4,2
Sum Totalt	Tannhelse	20917,5	271,7	1393,5	229,6	231,1	335,9	868,6	1665,2	8,0
Sum totalt kvinner		152429	1370,6	8887	1211,8	1044,9	1578,4	6389,2	10257,6	6,7
Sum totalt menn		113956,5	698,7	3792,6	573,8	687,6	1065	2687,4	4491,2	3,9
SUM		266385,5	2069,3	12679,6	1815,7	1594,6	2272	9033,2	14748,8	5,5

Tabell 6) Samla fráværsstatistikk frå 2018



Grafikk 4) Fráværsutvikling frå å 2010 fram til og med utgangen av 2018

5. Konklusjon/tilråding

Registreringane frå fjerde kvartal 2018 viser at vi ligg 0,2 prosentpoeng over stabiliserings- og IA-målet på fem prosent. Årsstatistikken viser at vi ligg 0,5 prosentpoeng over stabiliserings- og IA-målet. Trenden viser likevel stabilitet i fráværes tala på høvesvis lågt nivå.

Fylkesrådmann opprettheld kravet til at einingar med registrert kvartalsfrávær på eller over seks prosent rapporter etter den gjevne malenⁱⁱⁱ. Fylkesrådmann rår til at hovudsamarbeidsutvalet tek statistikken over sjukefráværet til orientering og ber einingane følgje opp dei sjukmelde og arbeide for å identifisere årsaker og finne mottiltak til frávær som kan vere arbeidsmiljø-relaterte.

ⁱⁱⁱ For at vi får ei eins rapportering og for at ein berre kommenterer mogeleg arbeidsmiljørelatert frávær, ber om at tilbakerapporteringa følgjer denne malen:

Vår analyser viser at X vidaregåande skule (sentraladministrasjonen/tannhelsenesta) registrera X % gjennomsnitt, der kvinner har X % og menn X %. Ved skulen arbeider det X personar. X personar hadde ikkje frávær i perioden, det vil seie at X % av dei tilsette har 100 % nærvær. Mellom dei med særleg langt sjukefrávær (over 20 %) finn vi X personar. Dette utgjer X av arbeidsstokken.

Skriv kommentar til mogeleg arbeidsmiljørelatert frávær. Her skriv du ein kort kommentar til det fráværet du meiner har eller kan ha samanheng med forhold i arbeidsmiljøet og kva tiltak ein ser for seg kan setjast inn for å motverke slike frávær. Gjerne også kva som er utført i høve det aktuelle tilfelle. Vi vil også ha ein vurdering om fráværet ikkje kan relaterast til arbeidsmiljøet.

Vi ønskjer tilbagemeldinga anonymt – ingen skildring av diagnoser og namn på tilsette.